



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer - Juli 2003

LOOP Miljøskule

IHM deltek i avfallsbransjen si store skulesatsing frå hausten av. Skular og barnehagar i området kan få tilsendt gratis klassesett med elevhefte, og elevane kan få omvisning på Bjørkemoen. IHM vil etter søknad kunne gje støtte til transport.

Prosjektet skal auke interessa for miljø, avfall og kjeldesortering blant born og unge. Dette er og mål som er svært sentrale i Læreplanen for grunnskulen. Undervisningsmateriellet tek utgangspunkt i kretsløpet. Forbruket og avfallsmengdene aukar år for år. Dette gjer det stadig viktigare å bruke ressursane fleire gonger. Strategiar mot målet om berekraft er avfallsføbygging, ombruk og materialgjenvinning. Elevhefta rettar seg mot 1., 4. og 9. klassetrinn. Hefta kan tingast hjå IHM.

I tillegg til elevhefta fins det ei eiga internettside på www.loop.no. Prosjektet er eit samarbeid mellom stiftinga LOOP og Norsk Renholdsverksforening.



Hege, Hektor og Viktor vaktmeister vert hovudpersonane i skuleprosjektet.

4. klasse ved Gullfjordungen skule på besøk på Bjørkemoen.



ellen@ihm.no



Tid for ny tømekalendar!

Alle skulle no ha fått tilsendt tømekalendar for neste halvår. Dersom du ikkje har fått kalendaren i posten, kan du ta kontakt med IHM.



Miljøval i kvardagen

IHM har samarbeidd med Voss kommune og Voss Naturvernlag om heftet «Miljøval i kvardagen». Heftet inneheld tips og råd om alt frå energibruk og friluftsliv til økologisk mat og handsaming av avfall. I tillegg finn du nyttige adresser og telefonnummer til lokale og nasjonale instansar. Heftet er meint som eit oppslagsverk som kan gjere det lettare å ta miljømedvitne val. Heftet er sendt ut til alle hushald og verksemder i Voss kommune. Dersom du ikke har fått heftet i posten, kan du vende deg til kundetorget i Voss kommune eller til IHM.

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Vangsgata 22B, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Administrasjon:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søbeye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Spesialavfall heiter no farleg avfall

Frå 1. januar i år endra Miljøverndepartementet omgrepet «spesialavfall» til «farleg avfall». Farleg avfall er avfall som inneheld helse- og miljøskadelege stoff, og såleis krev særskild handsaming.

Indre Hordaland Miljøverk tek imot farleg avfall frå hushald og verksemder (sjå liste over godkjende mottak). Verksemder har plikt til å levere farleg avfall. Når avfallet vert levert skal verksemda fylle ut eit deklarasjonsskjema som er godkjend av Statens Forureiningstilsyn. Verksemder må betale for å levere farleg avfall.

Med unntak av større mengder PCB og trykkimpregnert materiale, er det gratis for hushald å levere farleg avfall. Dette er dekkja inn i renovasjonsgebyret.

Døme på kva som er farleg avfall:

- Måling, lakk, lim og løysemiddel
- Olje og oljeprodukt
- Oppladbare batteri og knappecellebatteri
- Plantevernmiddel og soppmiddel
- Muse- og rottegift
- Ljosstoffrøyr, sparepærer og anna kvikksølvhaldig avfall
- Kasserte elektroniske produkt som inneheld miljøgifter
- Trykkfargar og fotografiske kjemikalier



Nils Gjeraldstveit tek imot farleg avfall.

I samband med Voss Hagelag sin planteloppemarknad hadde IHM mottak for farleg avfall ved Amfi Voss laurdag 24. mai. Her var det mange som kvitta seg med plantevernmiddel og sprøytemiddel. Det var og høve til å levere anna farleg avfall.

ellen@ihm.no

Godkjende mottak for farleg avfall, sentrale miljøstasjonar i IHM sitt område. Adresser og opningstider:

Kommune	Sentral miljøstasjon	Opningstid	Miljøstasjonen	Teknisk etat
Eidjord	Simadalen	Torsdag kl. 12.00 - 18.00		tlf. 53 67 35 00
Granvin	Røynstrand	Onsdag 12.00 - 17.45	tlf. 56 52 53 40	tlf. 56 52 40 30
Jondal	Pineskår	Torsdag 14.00 - 17.00		tlf. 53 66 95 20
Ullensvang	Husemoen v/Hardanger Gjenvinning AS	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 34 85	tlf. 53 67 15 00
	Øyjordet	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 18 58	tlf. 53 67 15 00
Ulvik	Gjelet	Torsdag 12.00 - 18.00		tlf. 56 52 70 00
Voss	Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Mån - ons og fre: 08.00 - 14.30 torsdag 08.00 - 18.00	tlf. 56 51 52 65	

Har du spørsmål om ordningane på miljøstasjonane kan du alltid ringe IHM sitt kontor, tlf. 56 52 99 00, den enkelte miljøstasjon i opningstida eller du kan ringe teknisk etat i den einkilde kommune.

Spegel, spegel på veggen der – kven har det reinaste bosrommet i riket her?



Synest du det er mykje å halde styr på alt som skal kjeldesorteras? Då får du tenkje på Martha. Ho skal halde orden på sorteringa til bebuarar frå 78 leilegheiter! Ho innrømmer at det ikkje alltid er like lett, men Martha veit råd...

Det går gjeteord om bosrommet i Motræet burettslag og om Martha. I over ti år har ho hatt jobben med å halde «ro og orden» i bosrommet. Det er ikkje nett noko latmannsarbeid. Fleire gonger i veka vaskar ho golvet, og dunkane vert spylt etter kvar tøming. «Så vaskar eg litt på dørene og på vifta, synest det vert litt fint då.» Dunkane står på geledd, sirlig merka med dei ulike avfallstypene, og det lukter reint! «Ja, det lyte vere skikkeleg, elles kan det vere det same», seier Martha.

Ho stortrivst med jobben. «Eg likar å ha noko å gjere på, og så er det sosialt, eg treff folk». Det manglar ikkje på rosande ord frå forbipasserande. Men det er ikkje berre Martha som får skryt, det får og bebuarane. Martha synest dei fleste er flinke til å sortere, men litt streng må ho vere! «Enkelte får ikkje med seg informasjon om eg so hadde tapetsert heile rommet med plakatar. So, då er det berre å vaska ta' o og teie stilt. Kan ikkje gå å skrive på alt heller!»

ellen@ihm.no



Martha Kvarme Hole held orden på store og små i Motræet burettslag.

Støtte til tøybleier!

IHM har starta ein kampanje for å motivere småbarnsforeldre i regionen til å bruke tøybleier. Kvant barn som vert fødd, produserer over 1 tonn med restavfall dersom det nyttar papirbleier. Den samfunnsøkonomiske nytten ved å bruke vaskbare bleier i staden for papirbleier er stor.

Tøybleier er miljøvenleg

Papirbleier inneheld tungt nedbrytbare stoff og eignar seg ikkje til gjenvinning eller kompostering. Når ein i tillegg tenkjer på transporten av bleiene og avfallet, er det ikkje tvil om at tøybleier er eit meir miljøvenleg alternativ, sjølv om du må bruka vaske-maskina oftare. Tøybleier kan og gå i arv.



(Illustrasjon av Solveig Andersen, IBOX AS)

Tøybleier er bra for barnet

Ved bruk av tøybleier får stumpe luft, noko som hindrar utslett og sår stump.

... og du sparar pengar

For heile bleieperioden kjem tøybleier til ein unge på mellom 1.200 og 2.500 kroner. Papirbleier kjem tilsvarende på rundt 10.000 kroner!

I tillegg støttar no IHM småbarnsforeldre som vel å nytta tøybleier framfor papirbleier med ein eingongssum på kr 500,- dersom dei dokumenterer tøybleiekjøp!

Ta kontakt med IHM for søknadsskjema. Du finn og søknadsskjema på vår heimeside: www.ihm.no. Har du spørsmål, ta kontakt med Ellen T. Astrup, telefon 56 52 99 06.

ellen@ihm.no

Unngå eingongsgrillen!

Kvart år vert det seld rundt ein million eingongsgrillar her i landet. Slike grillar fører til fleire problem: Utskjemde svaberg, svimerker på benker, bord og bryggjer, brann i bosdunkar og forsøpling er nokre av konsekvensane av uvetting bruk. I tillegg fører eingongsartiklar til meir avfall! Me oppfordrar i staden til å redusere avfallsmengdene. Tenk alternativt når du skal lage mat i det fri i sommar!

ellen@ihm.no



Ungane i Voss barnehage synest det er kjekt å grille i finværet.

Godt alternativ til eingongsgrillen!

Landbruksplast

I Eidfjord, Ulvik, Granvin, Ullensvang, Jondal og Voss vert det organisert innsamling av landbruksplast ein gong i året. Innsamlinga vert annonsert på førehand i lokalavisene Hordaland Folkeblad, Hardanger Folkeblad og Hordaland. I år er det Gangstø Transport som har samla inn landbruksplast for IHM. Dei kan rapportera om bra resultat. Heile 72 tonn innsamla landbruksplast totalt frå vår region!

Kvaliteten på den innsamla landbruksplasten har vorten betre enn tidlegare på mange av mottaksplassane, mellom anna fordi fleire har vorte flinkare til å sortere ut nett og vovne yttersekk. Men framleis heng mange mottaksplasser etter når det gjeld kvalitet på den innsamla plasten. Her må me verte betre til å sortere! Dette er viktig for at innsamlingsordninga skal kunne halde fram slik som no.

Skal me få betre resultat til neste år, må me førebu innsamlinga alt no. IHM vil oppmoda alle brukarar av ordninga til å ta sorteringa på alvor alt frå fyrste dag. Dersom du lager eit sorteringssystem som fungerer godt, vert sorteringa enklare og kvaliteten på plasten betre.

Me minner om sorteringskrava. Landbruksplasten skal sorterast i to fraksjonar:

- Rundballesekker, emballasjesekker, innersekk i storsekk, krympeplast, bobleplast, rundballefolie, klebe-/strekkefolie
- Voven yttersekk

Det er viktig å sortere frå nylonnett og tauverk. I den grad det er mogeleg ber vi og om at plasten er rista rein for jord, stein, streng, plankar og liknande.

ellen@ihm.no

*Gunnar Fykse sorterer landbruksplast på Bjørkemoen.
Her har han fått plass til 20 kilo i ein sekk!*



Endring av renovasjonsabonnement

Har du tenkt å endre renovasjonsabonnementet ditt? Då må du melde ifrå før rekninga frå kommunen kjem i postkassa di... Vi minner om følgjande:

- Endringar vert gjort gjeldande frå påfølgjande termin (1. juli eller 1. januar).
- Endringar får ikkje tilbakeverkande kraft.
- Dersom du veit at husværet ditt vert ståande heilt tomt i meir enn eitt år, kan du søkje om fritak frå renovasjonsgebyret.
- Nye abonnement vert rekna med frå den 1. i månaden etter innmelding.
- Det vert rekna renovasjonsgebyr for kvart hushald på ein eigeidom.

Søknader/meldingar vert gjennomgått før kommunane sender ut rekningar over kommunale avgifter, slik at du vil få tilbakemelding frå oss i førekant av rekninga.

Vil du melde om endringar eller søkje om fritak, ta kontakt med oss på IHM på tlf. 56 52 99 00. Du kan og finne skjema på heimesida vår www.ihm.no.

helen@ihm.no

Vasking av biodunken

No når sommaren står for døra, er det tid for å minne om at biodunken (den med brunt lok) må vaskast eller spylast etter kvar tøming.

Dersom du held dunken rein og fin, unngår du plager med lukt og makk. I tillegg får renovatøren ein trivelegare dag.

Hugs, det er renovatøren sitt arbeidsmiljø!

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE